



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6444 - 15/10191

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.05.2015

Dispensasjonssak på høring - etablering av felles avlaupsanlegg i område avsett til LNF-føremål og delvis innanfor 100-meters beltet langs sjø - gbnr 148/2 m. fl.

Saka gjeld søknad om sanering av separate avlaupsanlegg frå 13 eigedomar på gnr 148 Litleeskare. Eigedomane har i dag avlaupsanlegg av varierende tilstand og alder. Eigarane ønskjer i fellesskap å sanera anlegga ved å etablere ein felles avlaupsleidning til sjø der kvar eigedom har eigen slamavskiljar.

Det er søkt om unntak frå nabovarsling då alle dei berørte eigedomane er medeigar i anlegget.

Planstatus

Tiltaket ligg i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-føremål. Delar av tiltaket vil også liggja innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Omsøkte tiltak er avhenging av dispensasjon frå både arealføremålet i kommuneplanen og byggjeforbodet i strandsona.

Vurdering

Administrasjonen er, etter ei førebels vurdering, positiv til omsøkte tiltak. Anlegget vert grave ned og terrenget vert reetablert. Arealbruken vil ikkje verta endra som følgje av tiltaket. Omsøkte tiltaket vil sikra ei forsvarleg handsaming og forbetring av kloakkutleppa frå eigedomane i området.

Vi ber om uttale i saka.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 148/2 m fl Litleskare - utslepp
Søknad om unntak for nabovarsling - gbnr 148/2 m fl Litleskare
Søknad om dispensasjon for pbl. § 1-8 - res
Søknad om Utslepp 05.09.2014
Felles avløpsanlegg for gbnr 148 Litleskare
Vedlegg nr 4. Kart M1250
Kart KP - Litleskare Avlaupsanlegg
Ortofoto 2011 - Litleskare Avlaupsanlegg
Situasjonskart - Litleskaret Avløpsanlegg

Kopi til:

Lindås Rør og Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
Litleskare Avløpsanlegg	Interimstyret v/ Thor Litleskare	5911	ALVERSUND

Mottakrar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Bergen og Omland Havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Statens vegvesen	Askedalen 4	6863	LEIKANGER